

# Fredrikke

Organ for FoU-publikasjoner - Høgskolen i Nesna

## Kjønnsrelatert mobbing i skolen : utfordringar for lærarprofesjonen

Arna Meisfjord

Pris kr. 30,-  
ISBN 82-7569-122-2  
ISSN 1501-6889

2005, nr. 5



HØGSKOLEN I NESNA

## Om Fredrikke Tønder Olsen (1856-1931)

Fredrikke Tønder Olsen ble født på handelsstedet Kopardal, beliggende i nåværende Dønna kommune. Det berettes at Fredrikke tidlig viste sin begavelse gjennom stor interesse for tegning, malerkunst og litteratur. Hva angår det siste leste hun allerede som ung jente "Amtmannens døtre".

Kildene forteller at Fredrikke levde et fascinerende og spennende liv til tross for sine handikap som svaksynt og tunghørt. Hun måtte avbryte sin karriere som gravørlærling fordi synet sviktet. Fredrikke hadde som motto: "Er du halt, er du lam, har du vilje kjem du fram." Fredrikke Tønder Olsen skaffet seg agentur som forsikringsagent, og var faktisk den første nordiske, kvinnelige forsikringsagent. Fredrikke ble kjent som en dyktig agent som gjorde et utmerket arbeid, men etter 7 år måtte hun slutte siden synet sviktet helt.

Fredrikke oppdaget fort behovet for visergutter, og startet Norges første viserguttbyrå. Hun var kjent som en dyktig og framtidsrettet bedriftsleder, der hun viste stor omsorg for sine ansatte. Blant annet innførte hun som den første bedrift i Norge vinterferie for sine ansatte.

Samtidig var hun ei aktiv kvinnesakskvinne. Hun stilte gratis leseværelse for kvinner, inspirerte dem til utdanning og hjalp dem med litteratur. Blant hennes andre meritter i kvinnesaken kan nevnes at hun opprettet et legat på kr. 30 000,- for kvinner; var æresmedlem i kvinnesaksforeningen i mange år; var med på å starte kvinnesaksbladet "Norges kvinder" som hun senere regelmessig støttet økonomisk.

Etter sin død ble hun hedret av Norges fremste kvinnesakskvinner. Blant annet er det reist en bauta over henne på Vår Frelses Gravlund i Oslo. Fredrikke Tønder Olsen regnes som ei særpreget og aktiv kvinne, viljesterk, målbevisst, opptatt av rettferdighet og likhet mellom kjønnene.

Svein Laumann

## Forord.

Denne artikkelen er skreven i samband med eit forskarkurs ved Universitetet i Tromsø hausten 2003. Forskarkurset hadde fokus på profesjonskunnskap. For meg var det naturleg å ta utgangspunkt i lærarprofesjonen og dei utfordringane som kjønnsrelatert mobbing stiller til dei som skal vere lærarar. Som lærarar er vi pålagte å jobbe for likestilling mellom kjønna og læreplan og lovverk stiller krav til lærarane om at tilpassa opplæring skal gjelde for både gutar og jenter. Kjønn skal ikkje vere til hinder for rettar, plikter og personleg vekst og utvikling.

Dette er i praksis ikkje så enkelt. For det første er vi som lærarar sjøl ein del av eit kjønnsdelt samfunn og i det praktiske pedagogiske arbeidet, vil vi heile tida bli konfrontert med våre eigne haldningar og grunnleggande verdiar. Sjøl om alle er forplikta til å jobbe for likestilling, så vil desse grunnleggande haldningane vise seg i ulike meiningar om både korleis verda ser ut på likestillingsfeltet og ikkje minst om korleis den eventuelt skal endrast for at det skal bli meir likestilling. Arbeidet for likestilling kan derfor i praksis bli kontroversielt.

For det andre så krevst det særskilt kunnskap innafor feltet kjønn og om korleis *kunnskapen er kjønna* på ulike felt. Høgskolereformen (NOU 2000:14) føreset at lærarutdanninga skal bygge sin profesjonalitet på forskingsbasert kunnskap. Dette er ein ny tradisjon for læraryrket og ei utfordring for lærarutdanninga, for skoleeigarane og for den enkelte lærar.

I denne artikkelen viser eg til at det i Norge er svært lite forskning om temaet kjønnsrelatert mobbing. Begrepet kjønnsmobbing eller kjønnsrelatert mobbing som eg vel å kalle det, finnst så å seie ikkje i mobbediskursen i norsk skole. I fleire andre land, mellom anna Sverige, blir omgrepet seksuell trakassering og kjønnsmobbing, bruka synonymt. Dermed blir seksuell trakassering definert som mobbing og dermed kan og *denne mobbinga bli omfatta av den nulltoleranse som all mobbing skal møtast med.*

Eg stiller i denne artikkelen spørsmål ved kvifor den kjønnsrelaterte mobbinga i norsk skole ikkje blir omfatta av definisjonen av mobbing som ligg til grunn for dei statlege mobbekampanjane og kvifor ikkje den kjønnsrelaterte mobbinga blir omfatta av den nulltoleranse som skole og samfunn er pålagt når det gjeld mobbing.

## **INNHOOLD**

<b>KJØNNSRELATERT MOBBING I SKOLEN. UTFORDRINGAR FOR LÆRARPROFESJONEN.</b>	<b>3</b>
<b>RAPPORT FRÅ PRAKSISFELTET.</b>	<b>4</b>
<b>ERFARINGAR FRÅ SVERIGE</b>	<b>4</b>
<b>KVA ER SEKSUELL TRAKASSERING OG KJØNNSMOBBING?</b>	<b>6</b>
<b>NYTT ELLER GAMALT NYTT?</b>	<b>7</b>
<b>SEKSUELL TRAKASSERING ELLER MOBBING?</b>	<b>8</b>
<b>AKTUELLE FORSKINGSOPPGÅVER</b>	<b>8</b>
<b>KONKLUSJON</b>	<b>10</b>
<b>REFERANSAR:</b>	<b>11</b>

## **Kjønnsrelatert mobbing i skolen. Utfordringar for lærarprofesjonen.**

Korleis er det mogleg å kvalifisere lærarar til dei utruleg samansette oppgåvene som dei møter i skolekvardagen? I norsk lærarutdanning er det gjennomført den eine lærarutdanningsreformen etter den andre, der grunngevinga nettopp er å kvalifisere til utfordringane i praksisfeltet.(NOU 1996:22) I artikkelen «Profesjoners identitet och samhelliga villkor» drøftar Thomas Brante framveksten av «den moderne expertisen», ei gruppe som bygger «sin auktoritet på vetenskaplig kunskap».

Den nye høgskolereformen (NOU 2000:14), føreset at til dømes lærarutdanninga skal bygge sin profesjonalitet på forskningsbasert kunnskap. Dette er ein ny tradisjon for læraryrket. Lærarane sin status har tidlegare truleg meir hatt likskap med det som Thomas Brante kallar for «den politiska profession». Han seier i den samanhengen: «Man bør inte betona den formella utbildningen och examinationen alltför mycket, bl.a. därför att många professionella erhåller en stor del av sina yrkeskunskaper på annat sätt, inte minst efter den formella utbildningen.»

Denne form for realkompetanse har lærarstanden i eit historisk perspektiv, vore berarar av. I boka «Skolefolk» skriv Gro Hagemann om dei historiske bileta som lærarstanden ber med seg. Det er kampen for ein felles skole for alle, uahengig av sosial og kulturell bakgrunn, det gjeld reformpedagogen og det gjeld den heltmodige læraren som stod rakrygga då det såg som mørkast ut i 1942. Og vidare: « Et av de klareste er bildet av læreren som intellektuell lederskikkelse i lokalsamfunnet. Lærere var blandt de første på landsbygda i Norge som fikk tilgang til boklig lærdom og den nye tids ideer. Det gjorde dem til selvskrevne forgrunnsfigurer i politikk og organisasjonsliv.» (s.327)

Statusen til lærarane vil, etter mi meining, i stor grad vere avhengig av statusen til lærarutdanninga. Dei mange negative oppslag om lærarutdanninga i media vil kunne skape eit inntrykk av at dei som blir utdanna til lærarar ikkje har den kompetansen som er nødvendig for å meistre dei forventningane som elevar, foreldre og samfunn har til lærarprofesjonen. Det betyr at det ikkje blir så enkelt for lærarar å framstå med den autoritet som lærargjerninga krev, og med den tyng som forbilde som læreplan og lovverk føreset. (Jf. L97)

Ein viktig føresetnad for at lærarutdanninga skal kunne gje lærarstudentane nødvendig kompetanse, er at lærarutdannarane sjøl har nødvendig kompetanse og evnar å forske på bakgrunn av utfordringar i praksisfeltet og på bakgrunn av denne forskningsbaserte kunnskapen, evnar å gje ei forskningsbasert utdanning som i neste omgang gjer det mogleg for lærarane å ha vitenskapeleg kunnskap som del av grunnlaget for sin profesjonelle status. Thomas Tyden skriv om dette i artikkelen «Samspillet vetenskap och praktik- ett utmanande forskningsfält» med referansar til svenske tilhøve. Han skriv:

«Forskningsinformationen och samspelet med det omgivande samhället- det vil säga høgskolornas tredje uppgift vid sidan av forskning och utbildning, har successivt fått allt större betydelse. Men det återstår mycket innan høgskolorna har organiserat verksamheten så att de kan leva upp till de ovan nämnda förordningarna, vilker konstaterats i ett antal utvärderingar av verksamheten»

Eg vil i denne artikkelen løfte fram problemfeltet kjønnsrelatert mobbing i skolen. Dette er eit problemområde i skolekvardagen som dei aller fleste lærarar møter på ulikt vis, men som det i Norge finnest svært lite forskning om. Eg vil argumentere for viktigheita av at vi får

forskningsbasert kunnskap om feltet , om viktigheita av at lærarutdanninga tar denne kunnskapen inn i undervisninga og at lærarane kan møte dette på kyndig vis.

### **Rapport frå praksisfeltet.**

Som lærar i ein sjuandeklasse på Helgeland for nokre år sidan, opplevde eg at ei jente vart kalla «hore» av ein gut i klassen. Jenta reagerte svært sterkt, ho sprang på guten, klora han i andletet og let ille. På bakgrunn av jenta sin reaksjon, kom saka opp i lærarråd. Lærarkollegiet delte seg i to i drøftinga av korleis vi skulle reagere på denne episoden. Halvparten meinte at guten måtte få ein reaksjon på framferda si, å kalle jenter for «hore» kunne ikkje akseptast. Andre halvparten meinte at dette var så vanleg at det var ikkje noko å bry seg om. Dei meinte ikkje noko med det, vart det sagt, dei visste knapt nok kva det var. Elles så var det ein form for kommunikasjon mellom gutar og jenter som meir var for «flørting» å rekne, enn mobbing og overgrep. Det høyrer med til historia at denne jenta hadde vore utsett for seksuelle overgrep av faren sin. Dette kom fram i ettertid, faren vart dømd og sona ei straff i fengsel. Alle menneske har jo ei historie med seg som oftast ikkje kan sjåst utanpå. Det er difor viktig at barn og unge lærer ein respekt for kvarandre som tar høgd for at det kan vere enkelte som ikkje maktar å høyre ei tiltaleform som kanskje andre meiner er berre «på skøy» eller «på flørt».

For eit par år sidan, vart ei tretten år gamal jente banka opp av ein heil gjeng med bakgrunn i at ordet «hore» hadde vore bruka. I Dagbladet for fredag 22.november 2002, står det om ei tretten år gamal jente som har vorte avkledd og teken bilete av. Bileta vart seinare lagt ut på internett.

I Helgeland Arbeiderblad for 27. oktober 2003, står det ein artikkel med tittel «Vanlig å bli kalt hore» Begrepet «hore» står ikkje ein gong i hermeteikn i artikkelen. Det blir fortalt om ei gruppe jenter i ein ungdomsskole i Sandnessjøen som lagar sjøltillitskurs for seg sjøl og sine medsøstre for å bli sterkare til å takle seksuell trakassering og til å seie høgt sine eigne meiningar. I artikkelen står det:

«For dagens unge jenter er det så vanlig å bli kalt hore og fitte at mange ikke tenker over at det er seksuell trakassering.»

Og vidare:

«Da bøllekurset startet, svarte deltakerne at de ikke hadde vært utsatt for seksuell trakassering. Men da de fikk mer konkrete spørsmål om hva de hadde opplevd fra gutter, viste det seg et annet bilde. Alle hadde for eksempel blitt kalt hore.»

Jentene har ulik erfaring med kor alvorleg lærarane tar slik trakassering. Ei av jentene seier:

»Det er veldig vanlig at plaging av jenter, også grove episoder, blir slått bort med at det er flørting»

### **Erfaringar frå Sverige**

Den svenske Jämställdhetsombudsmannen (JämO), har gjeve ut ei handbok mot kjønnsmobbing i skolen i 2000. I forordet til denne boka blir det forklart om bakgrunnen for arbeidet. Det starta i 1997 med ei lita utstilling på eit skoleforum i Älvsjö. Utstillinga viste ei

jente som tok kverartak på ein slange, som hadde armen sin klar til å ta henne på baken, og sa «SLUTA!» Det viste seg at denne utstillinga fekk uventa stor merksemd og svært mange uttrykte at det var godt at endeleg nokon gjorde noko med den uønska kjønnsmobbinga som særleg jentene opplevde. Dei medarbeidarane som stod ved denne utstillinga, vart svært overraska over denne merksemda. Dei seier om dette:

«Vi hadde börjat planera ett metodutvecklingsprojekt mot könsmobbing och sexuella trakasserier i skolan. men hade ingen aning om att så många i skolans värld upplevde detta som ett stort problem som ingen tok tag i.» (JämOs handbok, s.7)

Denne opplevinga av at mange ønska at det skulle gjerast noko for å få slutt på desse overgrepa, slik denne jenta på utstillinga symboliserte då ho tok tak i slagen og sa «SLUTA!», vart ei viktig drivkraft til å gå vidare med arbeidet.

I Sverige hadde det i 1996 vorte publisert ein studie om seksuelle overgrep i skolen. Undersøkinga hadde svar frå 714 jenter i niande klasse i grunnskolen og første årstrinn i gymnaset. Denne undersøkinga vart publisert av Stockholms skolors informationsenhet. Det har seinare i Sverige vore gjort liknande undersøkingar som i sine resultat har vist same tendensar som denne undersøkinga som blir kalla for «Stockholmsundersøkningen». I denne undersøkinga (JämO, s. 34), viser ein til tre former for seksuell trakassering:

A)utan berøring:

- uvelkomen kommentarar om kropp, klede eller privatliv (38 prosent hadde opplevd det)
- uvelkomne brev, bilete og liknande, med seksult innhald (11 prosent)
- uvelkomen ryktespreiing (17 prosent)

B)med berøring, forslag eller krav på seksuelle tenester:

- uvelkomen «tafsande» eller medveten seksuell berøring, bøye seg over, klipe, trenge opp mot ein vegg (30 prosent)
- uvelkomen forslag eller krav på seksuelle tenester eller eit seksuellt forhold (7 prosent)

C)uønska seksuell skjemt

- 54 prosent meinte at dette skjedde ofte
- 23 prosent meinte at det skjedde skjeldan
- 24 prosent meinte at det aldri skjedde

I grunnskolen oppga 16 prosent av jentene at lærarane bruka seksuell skjemt, medan at 8 prosent av jentene meinte det same om lærarane i gymnaset.

I den såkalla Örebroundersøkinga, kom det fram liknande resultat:(JämO, s.36) Jentene kunne fortelle:

- 69 prosent hadde vorte kalla for hore, bitch, ludder og liknande
- 61 prosent hadde utan eigen vilje vorte teken på baken
- 45 prosent hadde uønska vorte utsett for seksuelt relaterte blick og gester
- 41 prosent hadde uønska vorte teken på brystene
- 21 prosent hadde uønska vorte teken mellom beina
- 21 prosent hadde uønska fått forslag og krav om seksuelle tenester eller seksuelle forhold
- 8 prosent hadde vorte halde fast av ei gruppe gutar som hadde teke på dei på uønska vis
- 71 prosent av jentene hadde sett at andre jenter hadde vorte utsett for liknande trakkasering

Gutane kunne fortelle:

- 55 prosent hadde kalla ei jente for hore, bitch, ludder eller liknande
- 55 prosent hadde sjøl vorte kalla for «bøgg» eller «dylikt» av jamngamal jente
- 34 prosent hadde saman med andre gutar «tafsat» på jenter
- 30 prosent hadde teke jentene på brystene eller baken utan at dette var OK
- 64 prosent hadde sett andre gutar trakkasere jenter

### **Kva er seksuell trakassering og kjønnsmobbing?**

Dei svenske undersøkingane refererer til EU-kommisjonen si rettleiing for å motverke seksuell trakassering, til den svenske likestillingsloven og til lovverk for høgskolen. (JämO, s.37) Det som går igjen i dei ulike definisjonane, er ord eller handlingar av seksuelt slag som er uønska og som den som blir utsett for dette, kjenner seg redd, krenka eller ille til mote av. Dei undersøkingane som er gjort i Sverige, konkretiserer kva type handlingar og ord det kan vere snakk om i praksis. Desse definisjonane finn vi tilsvarande i det norske lovverket, i Lov om likestilling, som tidlegare er referert.

Det som er interessant i den svenske språkbruken samanlikna med den norske, er nettopp begrepet «kjønnsmobbing», som knapt finnst i den norske likestillingsdebatten og som er heilt fråverande i dei norske kampanjane mot mobbing. JämO s.37, skriv:

«Sexuella trakasserier inryms under begreppet krenkande behandling. Det er en form av mobbing som har könet som utgångspunkt. Som all form av mobbing är det en maktdemonstration. Sexuella trakasserier har definitivt inget med flirt eller kärlek att göra, och det behöver inte ens röra sig om sexualitet - nedvärdering eller förnedring på grunn av kön är det centrala.»

I desse definisjonane blir det understreka at det viktige ordet er uønska. Det er mottakaren som må avgjera om ord og handling er ønska eller uønska, nettopp for å skilje mellom likeverdig skjemt og samhandling. JämO seier vidare, s.38:

«Seksuella trakasserier eller kjønsmobbing handlar om beteenden som får den drabbade att kjenna sig «krenkt, redd eller på annat sätt illa till mods.» Det kan handla om glåpor, föraktfulla beteenden i ord eller handling eller direkta fysiska övergrepp. För den som utsätts kan trakasserier leda till ensamhet och utanförskap, dåligt självförtroende, sjukskrivningar, ångest, självdestruktivitet, överdriven aggressivitet eller andra strategier för att avleda uppmärksamheten och stå ut med mobbingen. Situationen påverkar många gånger den drabbades prestationsförmåga i skola eller arbetsliv på ett negativt sätt»

Det blir peika på at i skolen så vil kjønnsmobbing mellom elevane ha negative verknader:

- Stemninga og kulturen i klassen og på skolen blir påverka av at elevane blir behandla som kjønnsobjekt og ikkje fullverdige kammeratar og vener
- gutar kan på eit vis få ei form for stadfesting av at dei kan krenke jentene og at dette kan bli oppfatta som «mandig»
- gutar kan bli kalla for «kjerring» eller liknande for å redusere deira status som «mann»
- elevane av begge kjønn kan bli krenka gjennom negative kommentarar av kropp og kjønn
- kjønnsmobbing kan foregå mellom kjønna, men og i reine gute- og jentegrupper, dersom nokon bryt med normen for sitt kjønn



## Nytt eller gammalt nytt?

Det er påfallende at det ikkje finnst tilsvarende tal og dokumentasjonar av korleis situasjonen er i Norge samanlikna med desse undersøkingane i Sverige. Men Norge og Sverige er land som er så like i kultur og lovverk, er det er svært liten grunn til ikkje å rekne med at situasjonen er omlag den same i Norge, jamfør med dei avisoppslaga som vart omtala innleiingsvis. Når mange jenter opplever at enkelte lærarar ikkje tar desse problema på alvor, at enkelte oppfattar dette som meir eller mindre uskuldig flørt og dermed vanleg og akseptable samversformer mellom kjønna, så er vi kanskje på sporet etter nokså djupt forankra kulturformer. Karin Widerberg skriv om dette i boka «Kunnskapens kjønn». Dei episodane som ho formidlar frå si skoletid, liknar svært mykje på det som dei unge jentene fortel i dei refererte undersøkingane frå Sverige nokså nyleg. Karin Widerberg skriv om gutane sine forsøk på «brystkontroll», om korleis grupper av gutar kunne kaste seg over ei einsleg jente og ta henne på brystene, mellom beina og liknande. Ho skriv om ein gong ho skulle på toalettet i ein time medan ho gjekk i sjette klasse. Nokre gutar stod i korridoren og ho mått gå forbi dei:

«Som på et gitt signal kastet to av dem seg over meg. Jeg falt i gulvet og slo og sparket for å komme løs. Hendene deres var over alt, slet og dro, prøvde å dra ned underbuksene og klemme på brystene. Hendene deres gjorde vondt. Jeg tror ikke jeg skrek, ville ikke «være feig» og få hjelp av lærerne, og plutselig var det slutt. «Hun har jo ingenting!» sa en av guttene.»

Karin Widerberg skriv vidare korleis hennar spinkle og lite utvikla ungentekropp, vart grunnlag for ei omfattande kjønnsmobbing som skapte redsle og formørka år av hennar ungdomstid.

På femtitalet kom det ut to hefte til bruk i samlivsundervisning i norsk skole. Det eine heftet var meint for gutane og hadde tittelen «Fra gutt til mann». Det andre var meint for jentene og hadde tittelen «Fra pike til ung kvinne». Det som er interessant i denne samanhengen, er korleis den ulike fysiske posisjonen til gutar og jenter vart opent kommunisert og korleis gutane fekk ei moralsk og praktisk opplæring i korleis dei skulle vere varsame i det seksualrelaterte samver med jentene. I denne boka står det til dømes:

«Guttene må kjenne sitt ansvar overfor pikene så de ikke øver press på dem for å få dem til å gjøre ting de så å si aldri føler trang til i så ung alder.»

På den andre sida får jentene lagt på seg eit ansvar som vi kjenner igjen i ein argumentasjon som ofte dukkar opp til dømes i samband med vald og valdtekt av kvinner:

«Pikene på sin side bør forstå guttenes sterkere kroppslige følelser og forsøke å være slik at de ikke utfordrer dem for sterkt.» (Fra gutt til mann, s. 23)

Det er grunn til å spørre om det likestillingsarbeidet som har vore gjennomført i skolen etter innføringa av Mønsterplanen av 1974, har underkommunisert den ulike fysiske posisjonen til gutar og jenter. Opplæringa i likestilling har ikkje vore følgt opp med ei opplæring i kjønnsrelaterte samversformer, eller opplæring i «flørt», for å seie det slik. Dersom ikkje gutane lærer på ein positiv måte korleis dei skal signalisere si famlande og søkande interesse for det motsette kjønn, kan dei lett ende opp i brutale og krenkande handlingar, som kanskje i utgangspunktet ikkje var meint slik.

## Seksuell trakassering eller mobbing?

Sverige har, på same måte som Norge, eit omfattande lov og regelverk som seier at jenter og gutar skal ha like store moglegheiter til vekst og utvikling og ingen skal utsettast for overgrep av noko slag. Det viktigaste i denne samanhengen er Lov om likestilling, Opplæringslova og Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (L97). I Lov om likestilling er det § 8a, Seksuell trakassering som legg føringar med omsyn til seksualrelaterte rettar. Her heiter det:

«Det er ikke tillat å utsette en annen for seksuell trakassering. Med seksuell trakassering menes uønsket seksuell oppmerksomhet som er plagsom for den oppmerksomheten rammer. Seksuell trakassering regnes som forskjellsbehandling på grunn av kjønn. Arbeidssgiver og ledelsen i organisasjoner eller utdanningsinstitusjoner har ansvar for å forebygge og søke å hindre at seksuell trakassering skjer innenfor sitt ansvarsområde.»

I Opplæringslova er ikkje omgrepet seksuell trakassering bruka. Her er det ingen formuleringar med relasjonar til seksualitet, men det blir slått fast at alle har rett til tilpassa opplæring, uavhengig av mellom anna kjønn. I tillegg er det kome ein såkalla «mobbeparagraf» som slår fast at ingen skal utsettast for mobbing eller anna krenkande handlingar.

Dei siste åra har det vore særleg merksemd mot tilfelle av mobbing i skolen. Tillegget i Opplæringslova, den såkalla «mobbeparagrafen» må sjåast i denne samanhengen. Regjeringa Bondevik II har teke initiativ til eit «Manifest mot mobbing» i samarbeid med Barneombodet, Kommunenes Sentralforbund, Foreldreutvalet i grunnskolen og Utdanningsforbundet. I samband med denne kampanja, har Foreldreutvalet i grunnskolen sendt ut eit hefte som er laga med tanke på foreldre til barn i skolen, «Stopp mobbing! Gode råd til foreldre». I punktet om kven som blir mobba, er ikkje kjønnsrelatert mobbing nemt. I eit punkt som heiter «Er det forskjell på gutter og jenter?» står det:

«Gutter mobber både gutter og jenter, mens jenter hovedsaklig mobber andre jenter. Gutter velger ut sine offer fra samme eller yngre aldersklasser over hele skolen, mens jenter normalt holder seg til sin egen klasse. Gutter mobber mest for å vise seg, jenter for vennskapets skyld. *Den mobbingen som gutter og jenter utsettes for, er noenlunde lik.* Gutter utsettes mer for fysisk mobbing, mens jenter mer holdes utenfor.» (Understrekinga er gjort av meg.)

Her ser vi at kjønn som mobbegrunnlag er fråverande og vi ser at den mobbinga som skjer mellom kjønna er underkommunisert. Det er på denne bakgrunn grunn til å tru at ideen om at jenter og gutar berre blir utsett for ei mobbing som er «noenlunde lik», kan botne i det faktum at vi har svært lite forskning i Norge om kjønnsrelatert mobbing.

## Aktuelle forskingsoppgåver

Det er eit sterkt lovverk i Norge som fastslår like rettar for gutar og jenter, ikkje minst retten til ikkje å bli utsett for mobbing. I praksis vil forståinga av kva som er mobbing, sjølsagt ha avgjerande innverknad på kor lærarar, foreldre og elevar, såvel som samfunnet generelt, set inn krefter og ressursar. I den tidlegare refererte boka til JämO s.8, blir det sagt:

«Ty ingen jämställdhetspedagogik i världen kan lyckas om många flickors främsta minnen från skoltiden ä att de blivit utsatta för kränkande beteenden som skapat fysiska och/eller

psykiska hinder för deras fortsatta personliga utveckling. Eller om många pojkars skolminnen mest handlar om vem som var «tuffast» i grabbgänget.»

Forståinga for at målsettingane om likestilling må følgast opp av ein innsats på brei front, vil vere avhengig av mellom anna forskingsbasert kunnskap. I den norske rettleiinga for arbeid med likestilling i grunn- og vidaregåande skole, heiter det om uønska seksuell merksemd:

«Tall fra Sverige viser at svært mange jenter er utsatt for uønsket seksuell oppmerksomhet fra jevnaldrende gutter, og antakelig er ikke tallene for Norge særlig anderledes. Mange jenter er redde for å bli utsatt for seksuell krenkelse- visuelt, verbalt og fysisk. *Mye av den oppførselen som forekommer i skolegården som verken elever eller lærere kaller mobbing, er uønsket seksuell oppmerksomhet. Jenter blir eksempelvis tatt på puppene og rumpa, noe lærere ofte avviser ved å si at dette er noe en må regne med når en har med pubertale gutter å gjøre. Gutter bare er sånn, og de mener ingen ting med det.*» (Uthevinga er gjort av meg.)

For dei som er lærarar og skal sørge for at både gutar og jenter får eit godt læringsmiljø, så er det ikkje så enkelt å vite kva som er rett å gjere. I og med at tiltak innafor dette feltet ofte vil vere kjenslevert, for ikkje å seie kontroversielt, jamfør referansane til lærarane sine ulike meiningar om kva som kan vere akseptabelt når det gjeld samversformer mellom kjønna, så kan vi ikkje vente at lærarar, berre med referansar til svensk forskning, kan ta tak i dette. Det er ikkje tilfredstillande å berre kunne referere til tal frå andre land, sjøl om det er eit land som har svært like rammefaktorar i kultur og lovverk, slik som Sverige.

Eit nytt moment som gjer det viktig å sette den kjønnsrelaterte mobbinga under debatt og forskning, er utviklinga av den fleirkulturelle skolen. Det kan vere grunn til å problematisere særskilt situasjonen for ein del av jentene som kjem frå kulturar der toleransen for den tøffe språkbruken og samversformene mellom gutar og jenter er meir problematisk enn for dei norske ungdomane.

Etter mitt syn er det tre hovudproblemstillingar innafor dette feltet som det vil vere viktig å kunne gje forskingsbaserte svar på:

*For det første* vil det vere viktig å kunne seie noko konkret om omfang og innhald i kjønnsrelatert mobbing.

*For det andre* vil det vere viktig å utvikle teori som kan forklare noko om kvifor situasjonen er slik den er.

*For det tredje* vil det vere ønskeleg å utvikle strategiar for korleis lærarane kan ta i bruk den forskingsbaserte kunnskapen og nyttiggjere seg denne i den profesjonelle jobben med å legge til rette eit likeverdig og inkluderande læringsmiljø for begge kjønn.

Til den første problemstillinga vil dette vere sentrale spørsmål:

-I kor stort omfang meiner jenter og gutar i norsk skole at dei blir utsett for kjønnsrelatert mobbing?

-Kva er eventuelt innhaldet i ei kjønnsrelatert mobbing, korleis artar den seg konkret?

-Kva kan gutar og jenter fortelle at dei har opplevd og vore med på, både som «overgripingar» og som «offer»?

-Kvar har eventuelt elevane fått inspirasjon til bruk av omgrep som til dømes «hore» eller «homo»?

-Kva meiner gutar og jenter er akseptabel omgangstone i relasjon til ført og naturleg interesse for det motsette kjønn?

- Trenge gutar og jenter ei positiv opplæring i flørt og samversformer mellom kjønna?
- Korleis er situasjonen for jenter og gutar med innvandrarbakgrunn i relasjon til dette?
- Kva meiner lærarane om kva som er akseptabel omgangstone mellom gutar og jenter?
- Har lærarane høyrte eller sett ulike former for kjønnsrelatert mobbing?
- Kva meiner lærarane om samanhengen mellom seksuell trakassering og mobbing?
- Korleis er situasjonen når det gjeld dei store mobbeprogramma som i dag blir gjennomført i norsk skole i relasjon til dei spørsmåla som vi her har drøfta?
- Har mobbeprogramma drøfta kjønn og kjønnsrelatert mobbing i samheng med kampen om mobbing?
- Blir kjønnsrelatert mobbing omfatta av den nulltoleranse som er vedteke mot mobbing?
- Er det skilnad på kjønnsrelatert mobbing og samversformene mellom kjønna på store skolar samanlikna med små og fådelte skolar?
- Blir gutar og jenter på fådelte skolar utfordra til å utvikle andre samversformer enn på dei store skolane? (Kvalsund, Rune:Elevrelasjonar og uformell læring)

Til den andre problemstillinga kan det vere aktuelt å spørre:

- Kvifor blir ikkje seksuell trakassering og kjønn teke med i definisjonane om mobbing?
- Kvifor blir ikkje omgrepet «kjønnsmobbing» bruka i samband med dei omfattande kampanjane mot mobbing?
- Kvifor er det slik at framferd som jenter opplever som seksuell trakassering, av andre, og særleg av det motsette kjønn, kan opplevast som «flørt» og dermed akseptabelt?

Til den tredje problemstillinga kan ein mellom anna spørre:

- Korleis utvikle strategiar i kampen mot mobbing som inkluderer den mobbing som er relatert til kjønn?
- Korleis engasjere lærarane i kunnskapssøking og utviklingsarbeid innafor dette feltet?
- Korleis sørge for ei lærarutdanning som integrerer forskingsbasert kunnskap i teori og praksis?

## Konklusjon

Eg har i denne artikkelen argumentert for at det er viktig at lærarane har forskingsbasert kunnskap om kjønnsrelatert mobbing i skolen. For å få dette til, er det nødvendig med lærarutdannarar som forskar med utgangspunkt i problemstillingar knytt til praksisfeltet. Lærarane, og dermed lærarutdanninga, må ta inn over seg dei krav og forventningane som samfunnet har til skolen, samfunnsmandatet. Det er i oppfylginga av samfunnsmandatet skolen og lærarane bygger sin tillit som profesjon. Det er i dette spenningsfeltet debatten om kvaliteten i lærarutdanninga står og spørsmåla om verdien av ei lærarutdanning blir reist. I artikkelen «Variation in teacher preparation», stiller forfattarane spørsmål om korleis ulik førebuing til praktisk lærargjerning, kvalifiserer til oppgåvene i klasserommet. Konklusjonen er rimeleg klår:

«The findings indicate that teachers who were prepared in teacher education programs felt significantly better prepared across most dimensions of teaching than those who entered teaching through alternative programs or without preparation.»

Vi har med andre ord grunn til å vere optimistiske til kunnskapssøking og kunnskapsformidling i samband med kvalifisering av lærarane. Dessto større grunn til å sørge for at det kunnskapsgrunnlaget som vi bygger på, har solid feste i dei store utfordringane som praksisfeltet stiller lærarane overfor.

## Referansar:

Andresen, Birgit Sellæg og Andresen, Birger Winger: Fra gutt til mann. Fabritius & Sønners forlag. 1968.

Brante, Thomas: «Professioners identitet och samhälliga villkor» I Kompendium fra SVF, Høgskolen i Tromsø, 2003.

Dagbladet, fredag 22. november, 2002

Darling-Hammond, Linda, Chung, Ruth og Frelow, Fred: Variation in teacher preparation. I Kompendium fra SVF, Høgskolen i Tromsø, 2003.

Foreldreutvalget for grunnskolen, 2002: Stopp mobbingen! Gode råd til foreldre.

Hagemann, Gro: Skolefolk. Lærernes historie i Norge. Gyldendal 1992.

Helgeland Arbeiderblad, 27. oktober, 2003.

JÄMO, Stockholm, 2000

Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet: Kjekkk og pen. Veiledning i arbeid med likestilling for grunnskole/videregående opplæring/voksenopplæring. 2001.

Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet: NOU 2000:14: Frihet med ansvar.

Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet: NOU 1996:22: Lærerutdanning. Mellom krav og ideal.

Kvalsund, Rune: Elevrelasjonar og uformell læring. Samanliknande kasusstudiar av fådelt og fulldelte bygdeskular. Høgskolen i Volda, 1995.

Likestillingsombudet: Lov om likestilling.

Tydén, Thomas: «Samspillet vetenskap och praktik- ett utmanande forskningsfelt» I Kompendium fra SVF, Høgskolen i Tromsø, 2003.

Utdannings- og forskningsdepartementet, Manifest mot mobbing. 2003.

Widerberg, Karin: Kunnskapens kjønn. Pax Forlag A/S 1994.

## **Om forfattere**

Arna Meisfjord har vore tilsett ved Høgskolen i Nesna som høgskolelektor i pedagogikk sidan 1986. Frå 1996 til 2003, var ho rektor ved Høgskolen i Nesna. Ho har jobba som lærar på ulike trinn i skoleverket i 16 år og då ho tok hovudfag i pedagogikk, var temaet likestillingsarbeid i skolen. Arna Meisfjord har vore engasjert i likestillingsspørsmål gjennom mange år og ho har halde ei rekke kurs og foredrag innfor emnet. I 1987 fekk ho Nordland fylke sin likestillingspris og i 2004 fekk ho eit forskarstipend frå Kvinneuniversitetet sitt forskingsfond for å jobbe vidare med pedagogikk og likestilling mellom kjønna.

## **Fredrikke – Organ for FoU-publikasjoner – Høgskolen i Nesna**

Fredrikke er en skriftserie for mindre omfangsrige rapporter, artikler o.a som produseres blant personalet ved Høgskolen i Nesna. Skriftserien er også åpen for arbeider fra høgskolens øvingslærere og studenter.

Hovedmålet for skriftserien er ekstern publisering av Høgskolen i Nesnas FoU-virksomhet. Høgskolen har ikke redaksjonelt ansvar for det faglige innholdet.

### **Redaksjon**

Hovedbibliotekar

### **Trykk**

Høgskolen i Nesna

### **Omslag**

Grafisk design: Agnieszka B. Jarvoll

Trykk: Offset Nord, Bodø

### **Opplag**

Etter behov

### **Adresse**

Høgskolen i Nesna

8701 NESNA

Tlf.: 75 05 78 00 (sentralbord)

Fax: 75 05 79 00

E-postmottak: [ninfo@hinesna.no](mailto:ninfo@hinesna.no)

### Oversikt utgivelser Fredrikke

Hefter kan bestilles hos Høgskolen i Nesna, 8700 Nesna, telefon 75 05 78 00

Bestilling via Internett: [http://www.hinesna.no/bibliotek/component/option,com\\_mosforms/mosform,1/Itemid,61/](http://www.hinesna.no/bibliotek/component/option,com_mosforms/mosform,1/Itemid,61/)

Nr.	Tittel/forfatter/utgitt	Pris
<a href="#">2005/3</a>	Om styrking av samisk språk og identitet med vekt på Helgeland og Västerbotten : rapport fra seminar i Hattfjelldal 27.-28.januar 2005 / Knut Berntsen (red.)	60,-
<a href="#">2005/2</a>	Norsk som minoritetsspråk – i historisk- og læringsperspektiv / Harald Nilsen (red.)	75,-
<a href="#">2005/1</a>	Mobbing i skolen : årsaker, forekomst og tiltak / Oddbjørn Knutsen	55,-
<a href="#">2004/13</a>	IKT skaper både variasjon og læring / Per Arne Godejord	30,-
<a href="#">2004/12</a>	Deltids allmennlærerutdanning : opplæringsboka som verktøy i praksisfeltet / Patrick Murphy	45,-
<a href="#">2004/11</a>	<a href="http://www.fruktkurven.no">www.fruktkurven.no</a> : systemering och utveckling av ett webbaserat abbonemang system / Peter Östbergh	90,-
<a href="#">2004/10</a>	Utvikling av studentenes reflekterte og praksisrelaterte læring / Elsa Løfsnæs	90,-
<a href="#">2004/9</a>	Utvärdering av IT och lärkulturer : ett samarbetsprojekt mellan Umeå Universitet och Høgskolen i Nesna / Peter Östbergh, Laila Johansen og Peter Bergström	85,-
<a href="#">2004/8</a>	Med sparsomme midler og uklare odds : oppfølgingstilbud for nyutdanna lærere / Harald Nilsen og Knut Knutsen	100,-
<a href="#">2004/7</a>	Prosessen bak det å ta i bruk mappe som pedagogikk og vurderingsform / Tom Erik N. Holteng og Hallstein Hegerholm	60,-
<a href="#">2004/6</a>	Utdanning og forskning innenfor samiske miljø på Helgeland og Västerbotten : rapport fra seminar i Hattfjelldal 22. – 23.januar 2004 / Knut Berntsen (red.)	70,-
<a href="#">2004/5</a>	Behov for kompetanseheving innenfor reiselivsnæringa på Helgeland / Knut Berntsen og Ole Johan Ulriksen	35,-
<a href="#">2004/4</a>	Evaluering av databasert undervisning av 3Bi ved Sandnessjøen videregående skole / Johannes Tveita	20,-
<a href="#">2004/3</a>	Skolens verdigrunnlag i et rawlsiansk perspektiv / Ole Henrik Borchgrevink Hansen	25,-
<a href="#">2004/2</a>	Multiplikasjon i småskole og på mellomtrinnet / Bente Solbakken (red.)	45,-
<a href="#">2004/1</a>	Humanistisk eklektisme i spesialpedagogisk rådgivning / Oddbjørn Knutsen	45,-
<a href="#">2003/9</a>	RedBull NonStop 2002 : utveckling av et web-baserat resultatrapporteringsystem för en 24 timmars mountainbike tävling / Peter Östbergh	50,-
<a href="#">2003/8</a>	"Kan du tenke deg å jobbe for Høgskolen i Bodø" : om Høgskolen i Nesnas etablering av informatikkutdanning i Mo i Rana / Geir Borkvik	25,-
<a href="#">2003/7</a>	Lærerutdannere i praksisfeltet : hospitering i barnehage og grunnskole / Oddbjørn Knutsen (red.)	55,-
<a href="#">2003/6</a>	Teori og praksis i lærerutdanning / Hallstein Hegerholm	50,-
<a href="#">2003/5</a>	Nye perspektiver på undervisning og læring : nødvendige forskende aksjoner med mål om bidrag av utvidet innhold i lærerutdanningen / Jan Birger Johansen	30,-
<a href="#">2003/4</a>	"Se tennene!" : barnetegning – en skatt og et slags spor / Nina Scott Frisch	35,-



<b><u>2003/3</u></b>	Responsgrupper : en studie av elevrespons og gruppekultur - norsk i 10.klasse våren 2003 Korgen sentralskole / Harald Nilsen	80,-
<b><u>2003/2</u></b>	Informasjonskompetanse i dokumentasjonsvitenskapelig perspektiv / Ingvill Dahl	40,-
<b><u>2003/1</u></b>	"Det handler om å lykkes i å omgås andre" : evalueringsrapport fra et utviklingsprosjekt om atferdsvansker, pedagogisk ledelse og sosial kompetanse i barnehager og skoler i Rana, Hemnes og Nesna kommuner i perioden 1999-2002 / Per Amundsen	80,-
<b><u>2002/1</u></b>	Augustins rolle i Albert Camus' Pesten / Ole Henrik Hansen	35,-
<b><u>2001/6</u></b>	Etniske minoritetsrettigheter og det liberale nøytralitetsidealet / Ole Henrik Hansen	35,-
<b><u>2001/4</u></b>	Evaluering av prosjekt "Skolen som grendesentrum" / Anita Berg-Olsen og Oddbjørn Knutsen	70,-
<b><u>2001/3</u></b>	Fra Akropolis til Epidauros / Tor-Helge Allern	40,-
<b><u>2001/2</u></b>	Hvordan organisere læreprosessen i høyere utdanning? / Erik Bratland	45,-
<b><u>2001/1</u></b>	Mjøs-utvalget og Høgskolen i Nesna : perspektiver og strategiske veivalg / Erik Bratland	30,-
<b><u>2000/11</u></b>	Implementering av LU98 / Knut Knutsen	120,-
<b><u>2000/9</u></b>	Moralsk ansvar, usikkerhet og fremtidige generasjoner / Kristian Skagen Ekeli	40,-
<b><u>2000/8</u></b>	Er dagens utdanningsforskning basert på behavioristisk tenkning? : drøfting av TIMSS' læreplanmodell fra et matematikdidaktisk synspunkt / Eli Haug	90,-
<b><u>2000/7</u></b>	Sosiale bevegelser og modernisering : den kommunikative utfordring / Erik Bratland	50,-
<b><u>2000/6</u></b>	Fådeltskolen - "Mål og Mé" / Erling Gården og Gude Mathisen	60,-
<b><u>2000/4</u></b>	Bidrar media til en ironisk pseudo-offentlighet eller til en revitalisering av offentligheten? / Erik Bratland	40,-
<b><u>2000/3</u></b>	FoU-virksomheten ved Høgskolen i Nesna : årsmelding 1998 / Hanne Davidsen, Tor Dybo og Tom Klepaker	35,-
<b><u>2000/2</u></b>	Maleren Hans Johan Fredrik Berg / Ann Falahat og Svein Laumann	150,-
<b><u>2000/1</u></b>	TIMSS-undersøkelsen i et likestillingsperspektiv : refleksjoner rundt dagens utdanningssektor og visjoner om fremtiden / Eli Haug.	30,-
<b><u>1999/2</u></b>	Kjønn og interesse for IT i videregående skole / Geir Borkvik og Bjørn Holstad	20,-
<b><u>1999/1</u></b>	Fortellingens mange muligheter : fortellingsdidaktikk med analyseeksempel / Inga Marie Haddal Holten og Helge Ridderstrøm.	70,-